



ULVIK HERAD
5730 ULVIK

Olje- og energidepartementet
Energi- og vassdragsavdelingen
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
02 1 2351 - 115	
DATO 31 MARS 2003	
AN 501 Vassdragsl	EKSP.

Dykkar ref.:

Vår ref.:

2003000137-5/S11 /ASK

Direkte innval:

56 52 70 51

Stad/Dato:

26.03.2003

Uttale frå Ulvik herad til Olje- og energidepartementet

Viser til brev av 29.11.02 med vedlagt "Framlegg til endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova" med høyringsfrist 28.02.03, seinare endra til 31.03.03.

Ulvik herad har fått kunnskap om saka gjennom KS og LVK. Ulvik herad ser svært alvorleg på framlegget til lovendringar og har handsama høyringsutkastet i heradstyremøte 20.03.03.

Ulvik herad gjev slik uttale:

1. Høyringsinstansane omfattar ikkje kommunane, men alvoret i saka tilseier at kommunane må gje uttale. Kopi vert sendt til Kommunenes Sentralforbund og LVK.
2. Høyringsfristen medfører uforsvarleg kort tid til grundig sakshandsaming i kommunane av innhaldet i høyringa.
3. Me er tilfreds med at Olje- og energiministeren har vedteke å setja ned eit utval til ei grundigare utgreiing.
4. Ulvik herad meiner at konsekvensane av endring av heimfallsreglane vert ei formuesoverføring frå kommunar til staten, og at dette ikkje er rimeleg med bakgrunn i korleis desse verdiane vert skapte.
5. Me ber om at interesseorganisasjonen vår - LVK - vert representert i det utvalet som skal setjast ned.

Den saka departementet har sett i gang, gjeld fundamentale spørsmål for det norske samfunnet. Noregs velferd er i første rekke tufta på foredling av verdifulle naturressursar, der vasskrafta historisk står i fremste rekke. Departementet sitt framlegg reiser spørsmålet om kven som skal eiga vasskrafta i framtida, og korleis Noreg kan hegna om vasskraftformuen, som i dag vert rekna med å vera i storleik 200 milliardar kroner. Det er vårt syn at framlegget

Internett adresse:
www.ulvik.kommune.no

E-post:
ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon:
56 52 70 00


Telefax:
56 527001

- manglar ei grundig utgreiing av dei samfunnsmessige konsekvensane av å endra heimfallsreglene
- manglar ei grundig utgreiing av kva konsekvensar for eigarstrukturen i kraftforsyninga framlegga vil kunna ha, medrekna konsekvensane for Statkraft si framtidige rolle og eigarskap
- manglar vurderingar av om og i tilfelle på kva måte dei framlegga som vert fremja får innverknad på kraftprisane til forbrukar
- manglar ei grundig utgreiing av kva verknader ulike heimfallstidspunkt med omsyn på nasjonal kontroll over vassdragsressursane og erstatningskonsekvensane får for dei det gjeld
- manglar ei samla vurdering av i kva grad konsesjons- og skattereglane kan sikra staten den naudsynte nasjonale kontroll over vasskraftressursane og den framtidige vasskraftformuen. I den samanheng vert det vist til Skaugeutvalet si utgreiing av dei problem den aukande internasjonale skattekonkurransen påfører den nasjonale skattepolitikken.

Det er vårt syn at av dei spørsmåla som departementet sitt framlegg reiser, er dei her nemnte mellom dei viktigaste. Me ventar at Regjeringa nemner opp eit utval med den naudsynte kompetanse til å greia ut dei spørsmåla som er nemnde ovanfor

Ulvik herad oversender med dette særutskrift av saksutgreiing og vedtak.

Med helsing



Jon Olav Heggseth
 Ordførar

Kopi til:

Kommunenes Sentralforbund
 Landssamanslutninga av
 Vasskraftkommunar

Boks 1378
 Postboks 471
 Sentrum

0114 OSLO
 0105 OSLO



ULVIK HERAD
5730 ULVIK

Olje-og energidepartementet
Energi-og vassdragsavdelingen
0033 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:

2003000137-10/S11 /ASK

Direkte innval:

56 52 70 51

Stad/Dato:

27.03.2003

Særutskrift: Heimfallsordninga - endringar i vassdragsreguleringa. Uttale frå Ulvik herad.

SAKSGANG:		
Utval	Møtedato	Uttalssak
Heradsstyret	13.02.2003	006/03
Heradsstyret	20.03.2003	016/03

Sakshandsamar Agnar Skjønberg	Arkiv: S11 Objekt:	Arkivsaknr 2003000137
----------------------------------	-----------------------	--------------------------

Sakstilfang:

Nr	T	Avsendar/Mottakar	Tittel
6	I	Kommunenes Sentralforbund	KS-brev til OED av 03.07.02
7	I	Kommunenes Sentralforbund	KS-brev til OED av 10.10.02
8	I	Kommunenes Sentralforbund	KS-brev til OED av 24.10.02
1	I	Olje- og energidepartementet	Høringssak frå OED av 29.11.02 - Endringer i industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven
2	I	Kommunenes Sentralforbund	KS-skriv til kommunane av 05.12.02 - Høring av forslag til endringer i reglene om heimfall
3	I	Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar	LVK-nytt 42 - 20.12.2002
9	I	Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar	Hvem skal eiga vasskrafta?
5	U	Olje- og energidepartementet	Framlegg til uttale frå Ulvik herad til Olje- og energidepartementet

Internett adresse:
www.ulvik.kommune.no

E-post:
ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon:
56 52 70 00

Telefax:
56 527001

Saksutgreiing:

Innleiing

Olje- og energidepartementet (OED) har sendt på høyring framlegg til endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova. Høyringsdokumentet er sendt ut 29.11.02 med høyringsfrist 28.02.03. Fristen er seinare endra til 31.03.03. Alle berørte kommunar er ikkje med i høyringslista, men Kommunenes Sentralforbund (KS) har vidare sendt framlegget til kommunane og ber at alle kommunane gir tilbakemelding på framlegget.

Hovudinnhaldet i endringane gjeld reglane om heimfall av offentleg eigde vannfall. (Gjeldande reglar er tilbakeføring til Staten etter 60 år frå private og utanlandseigde anlegg, medan offentleg eigde vannfall ikkje har heimfall.) I samband med endringa av reglar om heimfall, tek OED opp endring av reglar som grensar til dette spørsmålet. Nærmare om desse kan studerast i saksdokumenta.

Kort om OED sine endringsframlegg i høyringsframlegget:

- a. Pålegg om konsesjon med vilkår om heimfall etter 75 år. Pålegget omfattar alle vannfall med produksjons- og reguleringsanlegg i offentleg eige, som er erverva etter 1909. (I dag er det ikkje heimfall i konsesjonen). Eigarane må sjølve søkja om konsesjon.
- b. Innføring av heimel for styresmaktene (departementet) å påleggja eigarane å halda anlegga i tilfredstillande driftsmessig stand fram til heimfallstidspunktet.
- c. Oppheva plikta til å stilla garanti for konsesjonsavgifter som gjeld etter at anlegg er heimfalle til staten.
- d. Likestilling mellom offentlege, private og utanlandske konsesjonssøknader med omsyn til vilkåra for å gi konsesjon.
- e. Oppheving av kommunal/fylkeskommunal forkjepsrett ved sal eller utleige av vannfall som ikkje er konsesjonsbehandla.
- f. Lovfesting av konsesjonsplikt ved kjøp av meir enn 90 % av aksjane i selskap som eig vannfall, produksjons- og reguleringsanlegg. Dette er i dag fast forvaltningspraksis.
- g. Hevinga av grensa for konsesjonsplikt frå 1000 til 4000 naturhestekrefter.
- h. Endra praksis omkring den kommunale andelen av heimfalne verdier. I dag er vertskommune sikra frå 1/3 og nedover av verdiane.

Bakgrunn for endringane:

- ESA (Efta sitt overvakingsprogram) har peika på at gjeldande konsesjonsreglar er i strid med EØS-avtalen fordi det er ulike reglar om konsesjonstid og krav om heimfall for offentlege og private kjøp av vannfall. ESA har understreka at det norske heimfallsinstituttet ikkje er i strid med EØS-reglane.
- Departementet har funne grunn til at å føreslå endringar i konsesjonslovgjevinga for å fremja konkurransen i kraftsektoren og slik oppnå ein meir samfunnsøkonomisk og meir effektiv ressursutnytting.

Transaksjonsalternativet. (Utarbeidd av Kommunenes Sentralforbund).

Framlegget frå KS legg opp til at vilkår om heimfall om 60 år vert sett for den som frå no av kjøper vannfall eller ein kvalifisert del av vannfall. Framlegget inneber ei fullstendig likestilling mellom alle potensielle kjøparar uavhengig av om dette er kommune, fylkeskommune, statleg eigd selskap, privat eller utlending. Transaksjonsalternativet vil tilfredstillast ESA og EØS-avtalen.

Dette betyr at alle offentlege eigarar som ikkje ønskjer å selja ikkje får heimfall, medan alle førstegangskjøparar får eiga vannfallet i 60 år før det vert heimfall til staten.

Vurdering:

Høyringa.

Dette er ei sak som kjem med minimums høyringsfrist på 3 månader, seinare endra til 4 månader. Innhaldet i høyringa gjeld lovendingar og har store konsekvensar for både eigar- og vertskommunar på sikt. Høyringa er heller ikkje sendt ut til alle berørte kommunar, men til KS-uttale. KS har bede kommunane svara OED direkte med kopi til KS. LVK er også høyringsinstans. Av omsyn til konsekvensane i saka er dette ei høyringsliste og ein høyringsfrist som ikkje vitnar om god forvaltningskikk og er ikkje i tråd med praksis i lovsaker. Utviding av fristen til 4 månader endrar ikkje vesentleg på dette. ESA har ikkje hastverk når prosessen er i gang. For at alle sider og konsekvensar ved lovendingane skal koma fram, må det i denne saka opprettast eit lovutval. Det er ingen sak i historia som har medført større debatt i Stortinget enn konsesjonslova av 1917. Endringar i konsesjonsvilkåra må underleggjast grundig samfunnsmessig drøfting.

Innhaldet.

I høyringa føreslår OED at alle offentleg eide vannfall skal likestillast med privat konsesjonar og underleggjast heimfall til staten i ein ny konsesjon. Heimfallet skal skje 75 år etter ny lov vert sett i verk, tidlegast vert det då i 2079. Noverdien av dette er berekna til om lag 200 milliardar NOK. Heimfallet skal skje utan vederlag til dei offentlege eigarane, men med vederlag til private/utanlandske eigarar. Dette vert karakterisert som "røveri" og er tvilsam tolking av erstatningsplikta i Grunnlova §105. Dei lokalsamfunna som har tilrettelagt for utnytting av naturressursane sine og som har offentlege kraftanlegg, vert ståande att utan kompensasjon ved heimfall. Dersom kommunane her skal få att noko for investeringane, vert det naturleg å selja kraftanlegga så tidleg som råd i konsesjonsperioden. Dette vert oppfatta som "salspress". Spørsmålet om kven som vert kjøparar er ikkje lett å svara på, men det er nok helst utanlands kapital som maktar slike investeringar.

Politikken.

- Endringar av lovverk som gir store samfunnsmessige verdiar må underleggjast grundige juridiske og politiske konsekvensutgreiingar. Dette er ikkje gjort i dette framlegget.

- Om kraftmarknaden fungerer tilfredstillande i tider der innbyggjarane i Noreg opplever kraftmangel og prisgalopp, bør vera ein del av vurderinga. Konsekvensane av at elektrisk energi har vore eit samfunnsgode og ikkje kan vera ei ordinær salsvare, bør utgreiast. Skal ikkje berre krafta, men også produksjonsmidlane no vera salsvare, vil utbygging av kraftproduksjonsanlegg også verta ein del av prismekanismen. Forholdet til utanlandske eigarar av kraftproduksjonen i eit pressa kraftmarknad, bør også underleggjast politisk drøfting.
- Korleis samfunnsverdiar skal fordelast mellom staten og kommunenivået er også interessante politiske problemstillingar å drøfta. Dette berører distriktpolitiske vurderingar og beslutningsprosessar i samband med heimfall av offentleg eigde kraftanlegg.
- Dersom kommunane sel verdiane sine etter ny konsesjonsrunde, så kan det verta store midlar i enkelte av kommunekassane. Det er ikkje vurdert i kva grad dette igjen vil føra til reduserte statlege overføringar til kommunane, for å dempa pris- og lønsvekst.
- I det heile er konsekvensane av framlegg til lovendingar for lite utgreidd.

Framlegg til vedtak:

1. Høyringsinstansane omfattar ikkje kommunane, men alvoret i saka tilseier at kommunane må gje uttale. Kopi vert sendt til Kommunenes Sentralforbund og LV K.
2. Høyringsfristen medfører uforsvarleg kort tid til grundig sakshandsaming av innhaldet i høyringa i kommunane.
3. Dei store konsekvensane utkastet har for det norske samfunnet, tilseier at det vert oppretta eige lovutval, som grundig vurderer alle sider ved aktuelle lovendingar. Ulvik herad meiner at KS sin "Transaksjonsmodell" må vera ein del av vurderinga som eit lovutval skal gjera.
4. Ulvik herad meiner at konsekvensane av endring av heimfallsreglane vert ei formuesoverføring frå kommunar til staten, og at dette ikkje er rimeleg med bakgrunn i korleis desse verdiane vert skapte.

13.02.2003 Heradsstyret

Framlegg frå ordføraren:
Saka vert utsett til 20.mars.

Røysting:
Samrøystes

HST-006/03 VEDTAK:

Saka vert utsett til 20.mars.

20.03.2003 Heradsstyret

I nytt framlegg til vedtak nedanfor er LVK-kommunane sitt syn frå LVK-seminaret i Oslo 13.03.03 teke inn i teksten.

Framlegg til vedtak:

1. Høyringsinstansane omfattar ikkje kommunane, men alvorret i saka tilseier at kommunane må gje uttale. Kopi vert sendt til Kommunenes Sentralforbund og LV K.
2. Høyringsfristen medfører uforsvarleg kort tid til grundig sakshandsaming i kommunane av innhaldet i høyringa.
3. Me er tilfreds med at Olje- og energiministeren har vedteke å setja ned eit utval til ei grundigare utgreiing.
4. Ulvik herad meiner at konsekvensane av endring av heimfallsreglane vert ei formuesoverføring frå kommunar til staten, og at dette ikkje er rimeleg med bakgrunn i korleis desse verdiane vert skapte.
5. Me ber om at interesseorganisasjonen vår - LVK - vert representert i det utvalet som skal setjast ned.

Den saka departementet har sett i gang, gjeld fundamentale spørsmål for det norske samfunnet. Noregs velferd er i første rekke tufta på foredling av verdifulle naturressursar, der vasskrafta historisk står i fremste rekke. Departementet sitt framlegg reiser spørsmålet om kven som skal eiga vasskrafta i framtida, og korleis Noreg kan hegna om vasskraftformuen, som i dag vert rekna med å vera i storleik 200 milliardar kroner. Det er vårt syn at framlegget

- manglar ei grundig utgreiing av dei samfunnsmessige konsekvensane av å endra heimfallsreglane

- manglar ei grundig utgreiing av kva konsekvensar for eigarstrukturen i kraftforsyninga framlegga vil kunna ha, medrekna konsekvensane for Statkraft si framtidige rolle og eigarskap

- manglar vurderingar av om og i tilfelle på kva måte dei framlegga som vert fremja får innverknad på kraftprisane til forbrukar

- manglar ei grundig utgreiing av kva verknader ulike heimfallstidspunkt med omsyn på nasjonal kontroll over vassdragsressursane og erstatningskonsekvensane får for dei det gjeld

- manglar ei samla vurdering av i kva grad konsesjons- og skattereglane kan sikra staten den naudsynte nasjonale kontroll over vasskraftressursane og den framtidige vasskraftformuen. I den samanheng vert det vist til Skaugeutvalet si utgreiing av dei problem den aukande internasjonale skattekonkurransen påfører den nasjonale skattepolitikken.

Det er vårt syn at av dei spørsmåla som departementet sitt framlegg reiser, er dei her nemnte mellom dei viktigaste. Me ventar at Regjeringa nemner opp eit utval med den naudsynte kompetanse til å greia ut dei spørsmåla som er nemnde ovanfor

20.03.2003 Heradsstyret

HST-016/03 SAMRØYSTES VEDTAK:

1. Høyringsinstansane omfattar ikkje kommunane, men alvoret i saka tilseier at kommunane må gje uttale. Kopi vert sendt til Kommunenes Sentralforbund og LV K.
2. Høyringsfristen medfører uforsvarleg kort tid til grundig sakshandsaming i kommunane av innhaldet i høyringa.
3. Me er tilfreds med at Olje- og energiministeren har vedteke å setja ned eit utval til ei grundigare utgreiing.
4. Ulvik herad meiner at konsekvensane av endring av heimfallsreglane vert ei formuesoverføring frå kommunar til staten, og at dette ikkje er rimeleg med bakgrunn i korleis desse verdiane vert skapte.
5. Me ber om at interesseorganisasjonen vår - LVK - vert representert i det utvalet som skal setjast ned.

Den saka departementet har sett i gang, gjeld fundamentale spørsmål for det norske samfunnet. Noregs velferd er i første rekke tufta på foredling av verdifulle naturressursar, der vasskrafta historisk står i fremste rekke. Departementet sitt framlegg reiser spørsmålet om kven som skal eiga vasskrafta i framtida, og korleis Noreg kan hegna om vasskraftformuen, som i dag vert rekna med å vera i storleik 200 milliardar kroner. Det er vårt syn at framlegget

- manglar ei grundig utgreiing av dei samfunnsmessige konsekvensane av å endra heimfallsreglane

- manglar ei grundig utgreiing av kva konsekvensar for eigarstrukturen i kraftforsyninga framlegga vil kunna ha, medrekna konsekvensane for Statkraft si framtidige rolle og eigarskap


- manglar vurderingar av om og i tilfelle på kva måte dei framlegga som vert fremja får innverknad på kraftprisane til forbrukar

- manglar ei grundig utgreiing av kva verknader ulike heimfallstidspunkt med omsyn på nasjonal kontroll over vassdragsressursane og erstatningskonsekvensane får for dei det gjeld

- manglar ei samla vurdering av i kva grad konsesjons- og skattereglane kan sikra staten den naudsynte nasjonale kontroll over vasskraftressursane og den framtidige vasskraftformuen. I den samanheng vert det vist til Skaugeutvalet si utgreiing av dei problem den aukande internasjonale skattekonkurransen påfører den nasjonale skattepolitikken.

Det er vårt syn at av dei spørsmåla som departementet sitt framlegg reiser, er dei her nemnte mellom dei viktigaste. Me ventar at Regjeringa nemner opp eit utval med den naudsynte kompetanse til å greia ut dei spørsmåla som er nemnde ovanfor

Med helsing


Agnar Skjønberg
næringsrådsgjevar

Kopi til:

Kommunenenes Sentralforbund
Landssamanslutninga av
Vasskraftkommunar

Boks 1378
Postboks 471
Sentrum

0114 OSLO
0105 OSLO